

Vigdøl Grendalag  
v/leiar Karin Bakke  
6868 Gaupne  
Mob: 90884636  
E-mail: [karin.bakke@lopex.no](mailto:karin.bakke@lopex.no)

10144/11	SSK	TUR
21 SEPT 2011		
SII 218		
11/1272		4

15.09.2011

**NVE Konesjonsavdelingen**  
**v/Marthe Cecilie Pramli**  
**Pb 5091 Majorstua**  
**0301 Oslo**

Kopi: Luster Kommune  
Fylkesmannen v/Eli Mundhjeld (sak 200802279)

### **Uttale i samband med evt ny utbygging av Vigdøla**

Styret i Vigdøl Grendalag er gitt fullmakt til å senda inn ei felles uttale frå grendalaget. På årsmøtet i grendalaget i juni 2011 gjekk 10 grunneigarar i mot utbygginga (ein grunneigar bur i Oslo og vi har ikkje klart å få kontakt med ham).

Styret har vore til stades både på folkemøtet som vart avholdt i Jostedalen i juni og seinare som grunneigarar på informasjonsmøtet Statkraft hadde i Gaupne eit par veker seinare.

Dette er hovedpunkta for grendalagets motstand mot ny utbygging av Vigdøla:

Då det vart gjeve konsesjon for utbygging av Vigdøla på 80-talet, var eit av konsesjonskriteria at elva skulle fredas frå vidare utbygging.

1. Grunneigarane meiner at det er gjort ei for dårleg konsekvensutgreiing i forhold til flomfaren for dei 2 øvste gardane i dalen og 2 hytter i området. Biletet på side 18 i konsekvensutgreiinga syner området godt.

I pkt 7.4.2 i konsekvensutgreiinga er det einaste som står ang rasfaren på Skitnamyrtjønni at "Dammen og inntaket vil bli utformet og dimensjonert for skred. Sikkerheten kan evt bedres ved å anlegge en ledevoll for å hindre skred å treffe dammen. Det må gjennomføres detaljerte risikoanalyser for å sikre at plasseringen av dam og inntak tilfredsstillir sikkerhetskravene"

Det er ei svak formulering når ein seier "evt bedres..." i ein slik samanheng.

**Her må Statkraft få eit klart krav på seg før ei evt utbygging.**

Det var ein grunneigar i dalen som gjorde Statkraft merksam på at Skitnamyri låg i eit rasutsett område (seinast for 10 år sidan gjekk eit stort snøras her). Rasa går oppe i "Kollen" på sørsida, over Skitnamyrtjønni og opp på andre sida. Det er sannsynleg at isen vil briste, noko som kan føre til at dammen går over terskelen og med islagt, til dels bottenfroser elv pga låg/nesten ingen vassføring i elva, kan dette medføre flom nedetter elveløpet (vert bekrefta ved samtale med uavhengig skredespert som seier det må gjerast ei betre utgreiing på dette).

I punktet "Skredfare" i konsekvensutgreiinga seier Statkraft "det vil vera aktuelt med tiltak i planfasen, anleggsfasen og driftsfasen", og vi forstår her at det er tiltak for anleggsarbeidarar og vedlikehaldsarbeidarar. Det må gjerast ei brei utgreiing i høve

faren for dei to øvste gardane i etterkant av utbygginga, eine garden ligg tett til elvegjelet nedanfor brua ved Syneshaug.

To vasstander i Skitnamyrtjønne har vore nemnt: 2 og 4 meter (2 m vart nemnt ved synfaringa den 06.09.11) og i konsekvensutgreiinga står det maks 3 meter. Grendalaget er usikre på kva som er rett.

Området er mykje nytta som utgangspunkt for skiturar og toppturar, både for lokalbefolkninga, skoleklasser, hyttefolk og turistar. DNTs turisthytter Fivla og Fjellstølen (Vigdalsstølen) ligg i nærområdet.

**Grendalaget ynskjer at Statkraft skal gjere ei betre utgreiing i høve dette om det vert ei ny utbygging.**

2. Ved synfaringa i Vigdalen 06.09.2011 ble det av Statkrafts representant sagt at det ikkje skulle vere anleggsdrift i Vigdalen. Dette samsvarar ikkje med det som står i konsekvensutgreiinga i pkt 4.9, siste avsnitt og 4.10.  
**Grendalaget er usikre på kva som er rett.**
3. Statkraft seier i konsekvensutgreiinga for utbygging av Vigdøla at det berre vil berøre *ein* grunneigar. Reint fysisk vert *fem* grunneigarar berørte (bruk nr 1, bruk nr 6, bruk nr 8, bruk nr 10 og bruk nr 11). Minst *to* grunneigarar til vert berørte ved tilkomst til inntaket (bruk nr 2 og bruk nr 14).
4. Under siste utbygging vart det store problem med vatnet på garden Syneshaug. Oppkommet (trykkvatn) vart øydelagt då det låg ved adkomsten til ventilkammeret og difor vart forureina. Det vart av Statkraft bora etter grunnvatn, og garden fekk overta brønnholdet (som også vart nytta av Statkraft under heile utbygginga) etter at anleggsperioden var over, mot å betala for pumpa. Garden har altså i dag grunnvatn og sidan boreholet ligg ca 50 m frå elva, veit vi at redusert vassføring i elva vil føre til at grunnvasstanden søkk (dette seier også Statkraft under pkt 7.11.1 i utgreiinga).

Statkraft seier i konsekvensutgreiinga under pkt 10 at "for å sikre at en ikke påfører vannkildene til gardsbruket på nordsiden Vigdøla ved Syneshaug uønskede skader i forbindelse med anleggsarbeidet foreslås det at disse kartlegges nærmere".

**Dette meiner vi må vere eit klart krav til Statkraft om det vert utbygging.**

5. I konsekvensutgreiinga seier Statkraft under punktet om naturmiljøet og biologisk mangfold: "i influensområdet er det registrert få viktige lokaliteter for biologisk mangfold....Fossekallen hekker trolig langs den berørte elvestrekningen i Vigdøla og *det kan ikke utelukkes* (uthevet av undertekna) at redusert vassføring kan føre til at arten oppgir noen av hekkeplassene". Fossekallen er ein vanleg fugl i Noreg, likevel ser vi det som viktig at livsgrunnlaget for nasjonalfuglen oppretthaldas ved inngangen til eit naturarvsområde.

Fossekallen er ein hyppig gjest i Vigdøla og ei ytterlegare reduksjon i vassføringa kan få store konsekvensar for nasjonalfuglen i Vigdalen, då fuglen er heilt avhengig av stabil vassføring for å kunne få tak i føde.

Statkraft seier i pkt 10 i konsekvensutgreiinga at det kan være aktuelt med rugekasser. Dette vil ikkje vere eit effektivt tiltak når næringsgrunnlaget for fuglen forsvinn.

Når vassføringa i hekkeperioden er nede i 0,06 m<sup>3</sup>/s vil næringsgrunnlaget for fossekallen være vekke (syner til vedlagte rapport, NOF rapport 3-2007, kap 3.3 s.

18-20 og kap 4.1). At "det er få viktige lokaliteter for biologisk mangfold" som Statkraft seier i søknaden, gjer det desto meir viktig å verne om dei som fins.

**Grendalaget ser det som viktig å behalda Noregs nasjonalfugl ved inngangen til naturarvsområdet Breheimen-Mørkridsdalen.**

6. Det er ein spillplass for orrfugl nedafor Skitnamyr tjønne. Det har dei siste 10 åra vore registrert ein sterk tilbakegang av storfugl i Noreg. Ein vesentleg del av årsaka er flathogst og kraftutbygging som medfører reproduksjonssvikt pga habitatødeleggelse (syner til vedlagte artikkel ved Atle Rustadbakken, Naturkompetanse AS)

**Grendalaget ser det som viktig å sikre spillplassen for orrfugl ved Vigdøla for framtida.**

7. Ved Vigdøla fins ei høgstaudeeng og områder med regionalt fåtallige moseartar: skjørvrangmose, hakemose, fjørtuftmose og fjellrundmose. Ingen av dei er så vidt vi kjenner til, raudlista, men vi meiner dei er eit poeng i denne saka. Statkraft seier i si utgreiing at dei ikkje vil bli berørt av tiltaket/utbygginga/ytterlegare reduksjon av vasstanden. Det veit vi ikkje sikkert før det har gått mange år. Desse artane er ekstremt sårbare for endringar i denne høgda og restitusjonstida er lang. Vi veit og lite om ulike arters tålegrenser i forhold til fuktighetsforhold.

Rapporten "Småkraftverk og sjeldne moser og lav" Kunnskap og kunnskapsmangler (NINA-Rapport 696 av Marianne Evju, Kristian Hassel, Dagmar Hagen og Lars Erikstad, august 2011) viser at "det er vanskelig å dokumentere reelle forekomster av rødlista moser og lav gjennom dagens miljøundersøkingar, både fordi eksisterende kunnskap om artene er mangelfull og fordi miljøundersøkelsene lider under mangel på kompetanse, mangel på kunnskap om artenes utbredelse og knappe kartleggingsressurser"... "at arter og naturverdier kan gå tapt på grunn av kunnskapsmangel". Vidare i rapporten vert det sagt at "minstevassføring er viktig for forekomsten av fuktighetskrevene arter, men hvor mye fuktighet/minstevassføring som kreves, varierer mellom arter og kunnskapen om dette er mangelfull (Gaarder & Melby 2008, Ihlen 2010)".

Det vert også i rapportens kap 4.1.1 sagt at sjølv om det ikkje fins raudlista moser kan dei likevel vere der, enten fordi utreder ikkje har kompetanse eller fordi dei veks i ein utilgjengeleg del av lokaliteten, eller fordi det berørte området var for stort til at det kunne gjennomsvøkes innanfor tilgjengeleg tid. "For utbygger blir funn av disse artene en joker i prosjektplanlegginga. Funn kan stoppe eller forsinke prosessen. Valg av utreder kan påvirke verdivurderinga av lokaliteten ettersom kun noen utredere er i stand til å finne rødlistede moser."

Rapporten konkluderer i kap 4.2.4 med at det er store utfordringar for miljøforvaltninga og kunnskapsprodusenter og at det er et stort behov for meir kunnskap om sjeldne mose- og lavartar, både når det gjeld forekomst, sårbarheit og miljøkrav i høve kraftutbygging.

I sluttordet seier rapporten at "Føre var-prinsippet er et sentralt prinsipp i norsk miljøforvaltning." Vidare at "I dag får de fleste omsøkte prosjekter konsesjon frå NVE, mens noen få prosjekter får avslag. Når vi ser hvor mangelfull kunnskapen om artene som berøres av utbyggingen er, kunne det kanskje forventes at en større andel av prosjektene får avslag. Kunnskapsmangelen vanskeliggjør også gjennomføringen av målrettede, avbøtende tiltak. Dessuten må man erkjenne at avbøtende tiltak ikke alltid er tilstrekkelig til å bevare naturverdier i små bekker og elver".

8. At tiltaket/utbygginga i følgje Statkraft vurderas til ikkje å ha negativ effekt på den tette bestanden av aure i elva, ser vi på som lite sannsynleg med tanke på den lave vassføringa som vil verta vinterstid. Med vasstand *ned i 0,06 m<sup>3</sup>/s* vinterstid er sjansen for at vatnet/kulpane fryser stor. Bygdefolket fiskar i elva ved Syneshaug og får god steikefisk her. Det er ein aktivitet lokalfolket set pris på frå slutten av juni og utover hausten.

9. I Str.prp.nr 7 (1983-84) står det m.a. " I sin første uttalelse har Miljøverndepartementet foreslått at Vigdøla unntas fra kraftutbygging. Det er særlig hensynet til friluftslivet som er tillagt vekt."

Dette vedtaket var eit *kompromiss* mellom utbygging og vern, eit kompromiss der berre Fåbergstølsgrandane vart berga. Seinare aksepterte MD at Vigdøla kunne byggjast ut.

**Grendalaget meiner at no bør restvassføringa i Vigdøla fredes for all framtid.**

Natur og friluftsliv er i 2011 kanskje viktigare enn nokon gong. I åra som kjem vil betydinga av urørte naturområde og elver kanskje verte enda viktigare. Grendalaget syner til alt fokus som har vore på lanskapsvernområdet Breheimen/Mørkridsdalen dei siste åra, ikkje minst i media. Luster kommune promoterar seg som ein kommune der naturen står i høgsetet og det er nettopp difor turistar tek turen til Luster. Brear, fjord og elvar er med på å gje Luster særpreget som turistar verdsett så høgt.

At Jostedalen har hatt ein oppgang i talet på innbyggjarar har også heilt spesifikt med naturen å gjera; det er bre og elvar som gjev tilflyttarar jobb (breturisme, elveturisme osv).

Vigdalen har også ei von om at ungdom som ynskjer å bu i bygda vel å satsa på ei næring i dalen, då er turisme det næraste å tenkje på – og då er Vigdøla sentral.

10. Statkraft vurderer at inntekta frå utbygginga av Vigdøla vert monaleg mindre enn først antatt, ca 1,3-1,6 mill mot tidlegare nemde +- 4 mill. I konsekvensutgreiingas pkt 7.13 seier Statkraft ein del om Luster kommune i dag. Dei syner til at kommunen har store inntekter i form av konsesjonsavgift og billeg konsesjonskraft.

I Innst. S.nr 116 (2004-05) frå energi- og miljøkomiteen blir det henvist til Landssammenslutningen for vasskraftkommuner som opplyser at "staten gjennom ulike utjevningsordninger inndrar store deler av kraftinntektene. For eksempel utjevnes 90% av naturressursskatten. Også eiendomsskatten og tilgangen til ordinære næringsfond krymper på liknende vis. Nettogevinsten for kommunene blir betydelig magrere enn det fremstilles som".

11. Elvas funksjon som gjerde for beitedyr vil forsvinne, med dei følgjer det får.

Når Statkraft i konsekvensutgreiinga konkluderer med at "alt i alt vurderes Vigdalen å ha middels verdi" (s.35) vil vi igjen sei at det ikkje er Statkraft åleine som skal vere talerør for lokalbefolkningas syn på verdjar. Vidare seies det at elva "stort sett utgjør et ganske anonymt innslag i nedre del av dalføret" og at "dalføret gjennomgåande er lite påverka av tekniske inngrep" - da meiner grendalaget *at det er desto viktigare å behalda elva som ho er i dag.*

Hovedtapet for Vigdalen og lokalbefolkninga vil vere at den reduserte vassføringa fører til forringing av opplevingar knytt til elva, både audiovisuelt og som arena for aktivitetar som fiske, bading og friluftsliv knytt til områda rundt. Statkraft kallar det "det fysiske opplevelsesrommet".

Vi har heller ikkje tru på at nemnte minstevassføring vil avhjelpe denne konsekvensen. Alt no er vassføringa i nedste del av Vigdøla liten i tørre periodar og utover ettersommaren og hausten.

Ytterlegare reduksjon av elva vinterstid, som alt no er liten, vil mest sannsynleg føre til at elva botnfrys i kulpane som er att.

Til tross for at Statkraft kallar fisken i elva "trolig lite attraktiv og interessant som sports- og/eller matfisk", er vår erfaring det motsette: spesielt dei yngre i dalen fiskar ofte ovafor brua ved Syneshaug og fisken er nytta som god steikefisk, på brødiskiva til frukost eller kvelds og jamvel til ein middag i ny og ne.

Dette har folk i Vigdalen håp om at fortsatt skal vere eit gode i framtida.

Biletet brukt på framsida i konsekvensutgreiinga syner ei vassføring vi som bur i dalen sjeldan ser i Vigdøla.

Turre somrar, ettersomrar og hausten gjer eit heilt anna inntrykk.

### **Prosjektet "Gamlevegen frå Rv 604 til Syneshaug"**

Vigdalen Grendalag har starta eit prosjekt "Rydding av gamlevegen frå RV 604 opp til garden Syneshaug". Laget har fått tilsagn frå kommunen om SMIL-midlar på kr 40.000. Vi har også mottatt kr 5.000 frå Luster Sparebank til skilting av gamlevegen, ytterlegare tilsagn om kr 5.000 frå kommunen til gamlevegen og vi har fått tilsagn om kr 13.000 frå prosjektet "Mellom fjell, fjord og folk" til skilting av vegen med skilt av nasjonal standard. Prosjektet med gamlevegen er sett i nær sammenheng med at vegen går inn i eit naturarvsområde, noko som vil gå fram av skiltinga. Elva er ein viktig del av denne vegen. Håvardfossen var m.a. i NAF boka på 70-tallet nevnt som severdighet.

Ei ytterlegare utbygging av Vigdøla vil på mange måter gjere dette prosjektet til noko heilt anna.

#### **Til slutt:**

Det kan vere på sin plass å nemna at medlemmer av energi og miljøkomiteen i 2005 uttalte at "lokale inntekter ofte overestimeres for utbygginger og underestimeres når det gjelder naturbasert bærekraftig næringsutvikling".

Det vart sett fokus på energibalanse og at dei viktigaste tiltaka i Norge i dag handlar om å finne fleire "energibein" å stå på og at det er ei utfordring politikarane må våge å ta, våge å gje seg inn på langsiktig planlegging, det vert for enkelt å berre gå for meir utbygging av vasskraft i 2011.

I denne debatten er det interessant å trekkja fram behovet for arbeidsplassar i små lokalmiljø. Særleg fokus på kvinnearbeidsplassar kan vere viktig å tenkje på. Næringsutvikling basert på naturvern og lokale aktivitetar som fiske, jakt, bre, elv, fjell, guiding, overnatting og nærmat gjev mange arbeidsplassar som kan vere eit attraktivt reiselivsprodukt.

Statkrafts utbygging av Vigdøla vil ikkje skaffe nye arbeidsplassar i Luster, kun under utbygginga vil det vere ein periode med behov for meir arbeidskraft.

Når folk vel å bu på ein plass som Vigdalen, gjer ein det fordi ein har teke eit medvite val om verdiar og livskvalitet. Ein vel vekk ein del goder som til dømes nærleik til butikk, kino, kafe, pub, leikeland, det å ha tilgang til hyppig kollektivtrafikk osb. Eit av godene vi har på ein slik plass er nærleik til naturen, noko som også inneber rennande vatn.

Elva er viktig for vigdølene, for alle hytteeigarane og for alle bilistar, fotturistar og sykkelturistar som drar gjennom dalen i sommarmånadene. Og for alle dei som nyttar området som start og/eller slutt punkt for skiturar og topturar.

Statkraft seier at det "nesten ikkje fins turisme i Vigdalen, *berre* lokale turfolk"! (Utheving gjort av undertekna). Vi meiner at lokale turfolk og lokalbefolkninga er viktige i dalen og i dette høve skal takast omsyn til – det er vi som er her heile tida og lever med konsekvensane frå kraftutbygginga i kvardagen.

Å bo og leva på grensa til eit naturarvsområde medfører eit stort ansvar for grunneigarane og det fører med seg ein god del restriksjonar på gardane, det er eit hårfint samspel mellom på den eine sida dei interessene og utviklingsideane innbyggjarane har og på den andre sida vern av naturarvsområdet. Turisme vil vera naturleg å tenkja på i framtida, kanskje som einaste mulegheit for vidare utvikling av næringsgrunnlaget i bygda og kanskje einaste mulegheiten til framtidig bosetting i Vigdalen. Viktigheten av at Vigdøla skal få vere som i dag vert difor særskild viktig for framtida.

*At Vigdøla ligg som innfallsport til eit av landets viktige og nyaste naturarvsområder er grunn nok til å frede restvassføringa.*

Vigdalen, 15.09.2011

Karin Bakke  
Leiar i Vigdal Grendalag

Vedlegg 1: Rapport NOF  
Vedlegg 2: Naturkompetanse AS